

Arkivsak: 2023/608-23

Arkiv:

Saksbehandlar: Therese Moe Øye

Dato: 28.05.2025

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 2025/42	10.06.2025	Formannskapet
PS 2025/37	16.06.2025	Kommunestyret

Reguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak

Vedlegg

- 1 Kyrkjeflaten_Planomtale_20250519
- 2 Kyrkjeflaten_Plankart_20250519
- 3 Planføresegner_Kyrkjeflaten_20250519
- 4 Kyrkjeflaten_ROS_20250519
- 5 Masseberekning_RP_Kyrkjeflaten_20241125

Innstilling frå kommunedirektøren

Lom kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 reguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, med planid. 34340008.

Reguleringsplanen omfattar reguleringsplankart, planføresegner, planomtale, ROS-analyse og masseberekning.

Saksutgreiing

Felles plankontor for Lom og Skjåk har utarbeidd forslag til reguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak – planid. 34340008. Planforslaget var lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i perioden 10.02.2025 – 30.03.2025. Det kom inn 4 høyringsuttaler – frå NVE, Direktoratet for Mineralforvaltning, Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet. Dei fire høyringsuttalene er referert og kommentert i kapittel 9 i planomtalen, som er vedlegg til saka.

Reguleringsplanarbeidet har bakgrunn i eit ønske om vidare drift av allereie eksisterande masseuttak i området, i tilknytning til vedlikehald av veganlegga Hesthagen-Smørli og Veodalsvegen.

Reguleringsplanarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Dette i samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealdel 15.12.2022. Der vart massetaket

ved Kyrkjeflaten M6 vidareført som ein del av kommuneplanen, med krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Planforslaget som her er lagt fram for sluttbehandling omfattar:

- Reguleringsplankart
- Planføresegner
- Planomtale
- ROS-analyse
- Masseberekning

Desse dokumenta er vedlegg til saka.

Med bakgrunn i merknadar og tilrådingar frå høyringa, legg kommunedirektøren her fram eit planforslag som har nokre mindre endringar i forhold til det som vart lagt fram til høyring. Endringane er gjorde i planomtale, planføresegner og ROS-analyse. Desse er kort omtalt under, og meir inngåande i kapittel 9 og 10 i planomtalen. Plankart og masseberekning er uendra.

Planområdet omfattar areal i Vårdalen statsålmennings sør, GID 157/1, og ligg tett ved skoggrensa i høgde mellom 900 og 950 m.o.h. Det har ved endeleg handsaming same utstrekning som ved offentleg ettersyn og høyring, og omfattar om lag 80 dekar. Også reguleringsformåla har same utstrekning som i høyringsforslaget, og arealfordeling er som i tabellen under. Forslag til reguleringsplankart ligg som vedlegg.

RPAREALFORMÅL	FELTNAV	AREAL	PROSENT
1200: Råstoffutvinning	R1 – R4	6 658	8,27
2011: Køyreveg	SKV1 - SKV2	2 611	3,24
2019: Annan veggrunn - grøntareal	AVG1 - AVG5	1 317	1,64
5100: LNRF areal	LNFR1 - LNFR2	65 414	81,24
5900: LNFR kombinert med massedeponi	KLM1	4 515	5,61
Sum		80 515	100,00

Endringane i planomtale, føresegnar og ROS-analyse er i hovudsak mindre endringar gjort med bakgrunn i faglege råd og merknader frå Direktoratet for mineralforvaltning og Innlandet fylkeskommune.

I føresegnene er det gjort endringar i kap. 4.2.1 – Bygnad og anlegg – råstoffutvinning, samt i kap. 6.1 – Vilkår og rekkefølge – Rekkefølge for drifta i områda for masseuttak R1, R2, R3 og R4.

Endringane er i hovudsak knytt til kva for tema og tilhøve som skal regulerast etter plan- og bygningslova og kva regelverk som i staden bør inngå i ein framtidig driftsplan for uttaket etter minerallova sitt regelverk. I tillegg er det gjort mindre endringar og suppleringar for å ivareta landskapsmessige omsyn både i driftsfase og etter avslutta drift. Det same gjeld for endringane i planomtalen og ROS-analysen. I tillegg er planomtalen supplert med to kapittel:

- Kap. 9 Uttalar ved offentleg ettersyn og høyring av planforslaget
- Kap. 10 Planforslaget ved endeleg handsaming av planen

I høve verknadar av planforslaget som leggst fram for sluttbehandling, er desse omtalt i planomtalens kapittel 11. Her er vurdering kring krav om KU utgreia, samt planens verknadar for følgjande forhold:

- Verknadar for naturmiljø og naturmangfald
- Verknadar for friluftsliv og barn og unge

- Verknadar for landskap
- Verknadar for kulturminne og kulturmiljø
- Verknadar for vassressursar
- Verknadar for geologiske ressursar
- Verknadar for jord- og skogbruk
- Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling
- Verknadar for forureining, energi og klima
- Verknadar for teknisk infrastruktur
- Verknadar for samfunnstryggleik

Vurdering

Uttaket ligg i LNFR område innanfor KULA område i Vårdalen statsålmennning sør, det vil seie landskap som riksantikvaren har vedteke skal vere sikra som "Kulturlandskap og landskap av nasjonal interesse". Uttaket ligg også område som er registrert som "Geologisk arv" av Norges geologiske undersøkelser.

I konsekvensutgreiinga til kommuneplanen var landskapsverknaden av masseuttaket M6 – Kyrkjeflaten vurdert til å ha "Middels negativ konsekvens". Dette ut i frå at området var vurdert å ha landskapsverdiar ut over det normale, og at området ligg ved skoggrensa og er synleg frå store område. Framhald av grusverksemda vil medføre at det visuelle intrykket vil endre seg over tid ved at nye areal blir omfatta av uttak og/eller større mengde masse blir lagt opp i haugar.

Likevel reknar plankontoret at framhald av drifta i uttaket med dei reguleringar som ligg føre i planforslaget, ikkje vil medføre vesentleg større uheldige konsekvensar for landskapsbiletet enn i dag. Det er heller ikkje rekna at drifta i samsvar med planføresegnene som er føreslege for uttaket, vil medføre vesentleg større ulemper og miljøbelastning enn i dag. Knytt til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn har det heller ikkje kome innspel eller merknader til denne vurderinga.

For all utøving av offentleg mynde som røyrr naturmangfald følgjer det av naturmangfaldlova (nml.) § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal bli lagt til grunn. Ei vurdering av forholda opp mot desse prinsippa vart gjort ved utarbeiding av planforslaget. Desse vurderingane finn ein i kapittel 11.2 i den vedlagde planomtalen. Det har ikkje kome merknader eller innspel til desse vurderingane ved 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Kommunedirektøren vurderer at forslaget til detaljreguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, er eit godt grunnlag for framtidig regulering av området i samsvar med intensjonane og krava i kommuneplanens arealdel. Realisering av planforslaget vil innebære at masseuttaket i området kan halde fram og kunne utvidast noko for å sikre tilgang til grus til vedlikehald av vegane i området i fleire tiår framover. Samstundes vil reguleringsplanen sikre at drifta blir regulert innfor rammer som tek tilstrekkelege omsyn til natur- og landskapsverdiar, og gi rammer for grusverksemda i forhold til å avgrense støy og andre ulemper for bygning i nærområdet.

Formannskapet 10.06.2025 - Sak PS2025/42

Behandling:

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lom kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 reguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, med planid. 34340008.

Reguleringsplanen omfattar reguleringsplankart, planføresegner, planomtale, ROS-analyse og masseberekning.

Kommunestyret 16.06.2025 - Sak PS2025/37

Behandling:

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lom kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 reguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, med planid. 34340008.

Reguleringsplanen omfattar reguleringsplankart, planføresegner, planomtale, ROS-analyse og masseberekning.